

- Uskedalen er eit paradisi!

04.07.2009



Familiane Wik og Aase: - Uskedalen er eit paradisi!

- Uskedalen er eit paradisi, er det spontane svar uskedalen.no får då vi spør representantar for familiane Wik frå Eidsvågneset i Bergen og Aase frå Sotra om kvifor dei valde vår bygd som feriemål i år. No vender dei nasen heim etter to svært vellukka veker i Øyro Marina. Men før dei drar, legg dei igjen eit ferdig utfylt spørjeskjema for Uskedalen Utvikling,- Uskedalen er særleg eit paradisi for ungene. Og når ungene trivs, gjer dei vaksne det og, seier familiane.



Båthamna i ferd med å bli fylt seint fredag kveld. Biletet er teke frå Vertshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men noko er dykk vel misnøgde med?

- Ikkje misnøgde, vi har eigentleg ikkje noko å klage over. Men vi har i tråd med siste spørsmål på skjemaet ført opp visse ynskje om forbetringar.

Eitt av dei er fleire badestigar montert på kaiane, slik at folk kan koma fort opp att når de har hamna uti - friviljug eller ufriviljug. Vi har her opplevd episodar som kunne ha vorte dramatiske.

Eit anna ynskje er fleire leikeapparat for ungane, som til dømes ei rutsjebane.

- Men familiare Wik og Aase kjem att neste år?
- Heilt sikkert, vi er her fast ein gong i året!

Det har ellers vore det ein må kalla ein knallstart på fellesferien i Uskedalen. Natt til i dag (laurdag) har det vore 30 gjestebåtar i hamna til båtlaget og på Sandakaien og seniorvert Birger Myklebust tykkjer det er svært lovande med tanke på den vidare sesong. Hamnevert Egil Høgemark har hatt 12 gjestebåter i Øyro Marina og er også godt nøgd.

Heller ikkje vertskapet på Vertshuset har nokon grunn til å hengja med hovudet. Røssland opplyser at innrykket allereie fredag kveld var så stort at han måtte kalla inn ekstramannskap. Held det fram slik, får nok også denne viktige verksemda ein god sesong.

Av Ola Matti Mathisen